

Junivandring 2002 frå Skudenes til Røldal. Kortfatta skildring av vandringsvegen frå Skude, Falnes, måndag 3., nordover Karmøya og innover Haugalandet, til Olali-parkeringsplassen, måndag 10. juni, og vidare derifrå sundag 16., over Etneffjella, til Røldal 21. juni.

Måndag 3. (2-3 timar): **Skude**, Falnes, Alvaberg, Lyngleet, Trivardlia, Falnesvarden, Skitnadalsmarka, Rudlerøyså, Heggheimsmarka, **Tjøstheim**

Frå Skude bilvegen til "Ne'ra Fallnes", så gamle ferdavegen (no knapt synberr sti) opp til gamle Falnes kyrkjegard på Alvaberg og vidare til kryssing av fylkesvegen ved Lyngle'. I "jidlen" (geilen) i det lågaste lendet mellom Alvaberg og Lyngle' var det for 15 år sidan attvakse med brennensesle, men no uframkomeleg delvis pga. hagtorn, men særleg pga. bjørnebærkratt. I Skitnadalsmarka var det somme stader attvakse med brake (einer) så det var vondt å koma fram. Elles er her mange gjerde å klyva eller skreva over mellom Skitnadalsmarka og Tjøstheim. Vis akt for olme stutar! Rudlerøyså på Hovdastad er ei gravrøys frå bronsealderen.

Tysdag 4. (5-6 t.): **Tjøstheim**, vestsida av Dalsvatnet, Storesteinen, Natterugsmyrå, Avholet, Burmavegen vestover til parkeringsplass, deretter Karmøy-marsj-traseen nordover til Stikledammen, Tiphaugane, Buavassdalen, Sørå Sålefjedlet, austsida av Melstokkevatnet, Svartamyrå, Olavsvang, **Eide**.

Nordanfor Dalsvatnet ingen vanske med gjerde utan gjerdeklyvar. Nordanfor Burmavegen gjennom store delar av nedslagsfeltet for drikkevassforsyninga i Karmøy. Sørå Sålefjedlet er høgste punktet på Karmøy, 132 m o. h. Mellom Dalsvatnet og Burmavegen nordom torvmyra Avholet er ingen tydeleg sti, men den gamle kjerrevegen til Tjøstheim sine torvmyrer er synberr mange stader heilt til Avholet, der Raunabekken svingar skarpt vestover etter å ha runne nordover frå nordenden av Natterugsmyrå. (Raunabekkjen har sine kjelder ved Stiklemyra - sørom Skåremyra - og renn i svingar vestover gjennom Skåreløkjken før han kjem til nordenden av Natterugsmyrå. Etter Avholet renn Raunabekken framom Raunane før han hamnar i Humrvatnet.)

Onsdag 5. (5-6t): **Eide**, Gamle Sundsvegen, sti på vestsida av Stora Fotvatnet, opp på Jonsvarden, så nordover i lyngmark aust for plantefelt og aust for Nautavatnet og Grasvatnet og Kolstøånå, kryssing av denne åa sør for Fiskåvatnet, så nordvestover til kryssing av flyplassvegen, så nordover Kongshaugen. Lenger nord er så lite utmark og beitemark at det må vandrast på asfaltveg, gamle Kvalavågvegen nordaustover mot Avaldsneskyrkja, nordover langs riksvegen over Karmsundbrua til **Norheim**. (Om robåt kan skaffast for vandraren på Bukkøy, er eit alternativ å gå austover dit frå Avaldsneskyrkja, og deretter ro over Karmsundet til Vormedal. Derifrå kan det vandrast langs den gamle kyrkjevegen (traktorveg) til Aksnes ved Førresfjorden.)

Jonsvarden er eit ganske godt utsiktspunkt. Vassdraget frå Nautavatnet til Fiskåvatnet er for ein stor del våtmarksområde med rikt fugleliv. Nett sørom Grasvatnet går det nedgravne gassrøyret frå Nordsjøen til Kårstø. På vandringsvegen langs vassdraget er det mange gjerde å skreva over, og det tetnar av dei når ein kjem nordover.

Torsdag 6. (2 t.): **Norheim**, Spanne, Ørpetveit, Toskatjødnå, Skre, **Førre**. Dette er vandring langs asfaltveg. Til ei avveksling kan ein (med tilleggstid 1-2 timar) vandra i utmark frå Toskatjødnå over utsiktspunktet Floget, 190 m o.h., til Førre. Stien nedover til Førre er altfor utydeleg, så det blir lett til at ein må skreva over gjerde for å finna vegen ned.

Fredag 7. (7-8 t.): **Førre**, Stakkastad, opp til Valhest (313 m o.h.), ned på sørsida av Kvitabergfjellet til garden Tveit, kryssing av vegen E39, så opp bakken på traktorveg og på brend lyngmark til Tveitstemmen sørom Sauanuten (270 m o.h.), over høgdedraget, ned gjennom tettvakse plantefelt til sørenden av Storemyra (kanskje det er lurare å ta omvegen nordanom plantefeltet?), nordaustover ovanom garden Fjellheim, runda mot venstre på sør- og austsida av Vikafjellet, nok til slik at ein kjem på nordsida av eit stort plantefelt på den vidare vandringa ned mot garden Mortveit ved **Dalavikvegen**.

Mesteparten av denne vandringa går i utmark eller beitemark, berre ca. 6 km er langs asfaltveg, frå Førre nordover til Stakkastad og litt sørover E39 på Tveit. Frå toppen av Valhest er det storfelt utsyn. I den smale dalen rett sørom Kvitabergfjellet går ei kraftlinje. Her kan ein på vestsida i dalbotnen sjå spor etter gamal kjerreveg til garden Tveit sine torvmyrer.

Laurdag 8. (6 t.): **Dalavikvegen** nordover til Alendal, der vandringa svingar av mot høgge på gardsveg til ein restaurert gamal låve (verd å sjå innom for den kulturinteresserte vandraren), vidare austover langs traktorveg til ein

gjerdeklyvar, der ein eventuelt kan gjera ein avstikkar nord og ned til Amdalsvatnet, vidare austover frå gjerdeklyvaren til Vågane (Haraldseidvågen) på ein lite synleg sti, tilvaksen med einer og anna kratt (det er på tale å rydja denne korte stien - < 1 km -). Frå Haraldseidvågen ca. 8 km vandring på asfaltveg, fyrst ein knapp kilometer til Vikebygdvegen, nordover denne over fylkesgrensa til det vegkrysset der vegen går opp og aust til garden Bjordal. Herifrå traktorveg oppover til og langs nordsida av Longåsdalsvatnet til **Longåsdalshytta**, som Haugesund turistforening eig.

Sundag 9. (3-4 t.): frå **Longåsdalshytta** austover traktorveg, sidan nordover T-merka sti mot Vikebygd omlag opptil tregrensa. Deretter utanom sti austover til høgdedrag med fint utsyn over bygda Vats, nordover høgdedraget langt nok til å kunna greiast gå frå nordsida på traktorveg, og ca. 1 km bilveg, ned Eikesdal i **Øvre Vats**. Der på hovudvegen E134 ca. 0,6 km nordaustover til krysset for vegen til Aurdal.

Måndag 10. (7 t.): Frå **Øvre Vats** ca. 2 km på bilveg til inste garden i Aurdal, så på traktorveg oppover Aurdalsdalen austover og ned til Vegge i Sandeid, så ein knapp kilometer nordetter riksvegen og deretter fyrste gardsveg til høgre etter passering av fylkesgrensa, til garden Håre og sidan traktorveg oppover bakkane til bilvegen som går vidare oppover til garden Aukland. (Eg hadde vanskar med å finna grei overgang frå traktorvegen til bilvegen. For å unngå trakking i høgvaksten eng - knappe hundre meter - gjekk eg litt kronglut omveg, men kanskje det kunne ha vore gjort på ein lurare måte - frå lenger nede på traktorvegen? -) Frå Aukland opp beitemarkbakken mot nordaust og vidare nordaustover myrlendte flater aust for Auklandvatnet og vest for Eivindåsen, deretter svak kursendring mot høgre litt ned og så opp til bilparkeringsplassen øvst på **Olalivegen**.

Sundag 16. (2 t.): Frå Oppheim i Ølen langs **Olalivegen** til parkeringsplassen, og vidare etter T-merka sti til **Olalia** (DNT-rute 694 - sjå boka "Til fots i Norge"). Her er det lettleg å gå. Stien er utan lange eller bratte bakkar.

Måndag 17. (5-6 t): Frå **Olalia** oppover i austleg og litt nordleg retning til nordvestenden av Ilsvanet, nordom dette og sørom Krokavatnet, vidare på vestsida av Grindvatnet og Løkjelsvatnet til **Løkjelssvasshytta** (DNT-rute 693).

Tysdag 18. (9-10 t): Frå **Løkjelssvasshytta** (etter DNT-rute 692) fyrst nordover og oppover til ei li med fint utsyn vestover mot Etnefjorden og Ølensfjorden, og nordover mot Stordalsvatnet og Åkrafjorden på hi sida av Kyrping. Her svingar stien austover og nedover, og sidan i hovudsaka i nordaustleg retning mellom Djupavatnet og Mjåvatnet og så på vest- og nordsidene av Flotevatnet, så over eit skar og ned lia og gjennom eit gjuv til Feto. (Her, der det tek av sti sørover mot Storavassbu, valde eg avgreininga frå DNT-rute 692 til DNT-rute 691, slik:) Frå Feto nord- og nedover omlag 1 km på stien mot Frette, så mot høgre oppover ei svimlande bratt li på høgre sida av ein foss, og vidare oppover (til omlag 1000 m o.h.) i nordleg, og litt austleg, retning til litt austom toppen (1077 m o.h.) av Naglane. Etterpå i om lag same himmelretning nedover lia og Rossedalen til Blomstølvatnet og langs vestsida av vatnet til **Blomstølen**.

Onsdag 19. (7 t): Frå **Blomstølen** oppover i nordaustleg retning til Sandvasshytta (etter DNT-rute 688). Vidare (etter DNT-rute 685) framom Vaulavatnet til fint utsyn ved osen der elva renn ut som lagar den vidgjetne Longfossen på sørsida av Åkrafjorden. Frå osen vidare (framleis etter rute 685) nord- og austover, tilslutt også litt søraustover før turisthytta **Simlebu** blir nådd. [Merknad: Knappe 2 km før Simlebu vanskeleg å kryssa sterkt vassførande, nordoverrennande bekk, Sagelva. Eit stykke ovanfor stikryssinga deler elva seg i to laup, og der fann eg brukande vadestad (med gummistøvlar). Det var ein regnversdag, og enno (19. juni) noko snøsmelting i fjellet.]

Torsdag 20. (6 t): Frå **Simlebu** (etter DNT-rute 680), fyrst aust og ned til Nystølen, så i sørleg retning oppover langs ei elv og deretter brattare oppover lia på austsida av dalen. Der ein sti greinar av sørover mot Slettedalen i Sauda, svingar ruta (680) skarpt mot venstre litt nedover, men så meir stigning nordaustover på vestsida og nordsida av Bordalsnuten og sørsida av Sandbotnevatna til høgste punkt (ca. 1150 m o.h.) på denne ruta (680). Så i austleg retning nedover til nordsida av Steinavatnet og vidare etter traktorveg ned til **Korlevoll** skistadion litt sør for **Seljestad**.

Fredag 21 (5 t): [Alternativt til å gå stien frå litt nordom Korlevoll skistadion søraustover fjellet mellom Setenuten og Kvitenuten og ned Grøndalen til Røldal, valde eg - for å spara tid til fordel for tilskipingar under Røldalsmarknaden - følgjande rute:] Frå **Korlevoll** skistadion sørover langs riksveg 13 til litt før tunnelinngangen, og så langs den gamle riksvegen over Røldalsfjellet, og deretter ned lia til Horda, men eg forkorta vandringslengda med å gå i terrenget i staden for å følgja alle hårnålsvingane. Frå Horda til **Røldal** gjekk eg langs riksvegen.